

Kommune	Styre, råd, utval	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Stølen, Valdres Næringshage	04.03.2020

Sak nr :

RS-14-/-20**REKNESKAP 2019 og ÅRSMELDING 2019**

Med dette leggest VNK si årsmelding og årsrekneskap for 2019 fram til handsaming i styret.

././. Vedlagt følgjer:

- Årsmelding
- Rekneskap
 1. Resultatrekneskap
 2. Balanserekneskap
 3. Noter
 4. Resultatrekneskap pr. avdeling
 5. Revisjonsberetning
 6. Delrekneskap Valdres friluftsråd

Vedlegga 1-3 utgjer det ordinære rekneskapen for VNK, mens vedlegg 4 og 6 er meir til intern bruk. Vedlegg 4 er for å sjå inntektsfordelinga på dei ulike områda samt kva aktiviteten på dei ulike områda har vore. Vedlegg 6 er Valdres friluftsråd sitt delrekneskap

1. Hovudtala for resultatrekneskapet:

Økonomisk oversikt	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap 2018
Sum driftsinntekter	9 968 069	-10 285 305	11 253 256
Sum driftsutgifter	-9 457 948	-18 024 687	-11 027 852
Brutto driftsresultat	510 120 56	-7 739 382	225 404
Anna finansinntekt	227 516		165 502
Anna finansutgift	-26 966		-28 285
Netto driftsresultat	710 681	- 7 759 382	362 621
Sum avsetn. / bruk (-) av fond	-228 326	7 739 282	202 550
Mindreforbruk (til disp.fond)	482 355	0	565 170

VNK har eit mindreforbruk på kr. 482 355,-.

Årsoppgjørdisposisjonane omfattar bruk av kr. 1 022 343,- i bundne fond, og nye avsetning til bundne fond med kr.1 250 669,-

Kommunane sitt vedtak om finansiering legg som rammevilkår at frie fond skal vera minst kr 1 500' i slutten av finansieringsperioden som er utgangen av 2019, dette er ivareteke.

Kommune	Styre, råd, utval	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Stølen, Valdres Næringshage	04.03.2020

2. Resultatet målt opp mot budsjett

Resultatavviket er vesentleg knytt opp til ikkje avslutta breibandsprosjekt. Dette skuldast at Eidsiva ikkje har sluttrapporttert prosjektet som var tenkt rapportert i utgangen av 2020, summen tilhøyrande dette prosjektet er kr. 7 248 000,-

Eigenkapitalen til finansiering av framtidig verksemd vart i løpet av 2019 redusert til kr. 12 55 639. I rekneskapen er KLP forpliktingane balanseført med ein verknad for året på kr 1 710 267, jf. note 1

Elles syner rekneskapen samla mindre avvik samanlikna med budsjett. Eit noko betre resultat enn budsjett skuldast fleire mindre summar. Eit nytt prosjekt kom inn i perioda: Forprosjekt Klima. Fleire andre av prosjekta fekk betre ekstern finansiering enn budsjettert. Hytteprosjektet (særskilt omtala i årsmeldinga s.12) gav og eit positivt bidra reint økonomisk då avslutninga av prosjektet kravde mindre eigen medfinansiering. Avslutninga av prosjektet førte og til ei stillingsjustering på 20% ut året. Auka midlar frå Klimasats til aksjon Aqua løyste ut noko meir innleigde timar til prosjektet. Tilbakeføring av avsetning IKT kr 78 080,- gjev betra resultat. Ikkje fornya T skjortekjøp /ullkolleksjon kr.100 000,- gjev reduksjon både i utgifter og inntekter. Auka sal av tenester kr. 191 000 og kr 240 000 ekstra frå Norske parkar betra resultatet vesentleg. Ein del av pengane frå Norske parkar er sett til bundne fond jf. note 13 då dei kom så seint i året at ikkje alt er gjennomført i 2019.

Endring av prosjektportefølja i året gjer at kr. 550 000,- av den fylkeskommunale løyvinga ikkje blir kravd i året. Den kan nyttast dei to påfyljande åra i fylgje tilsagnsbrevet.

2. Årsmeldinga

Årsmeldinga omhandlar organisasjon og dei ulike innsatsområda og beskriv kva som er oppnådd innanfor dei ulike arbeidsområda.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Regionstyret godkjenner Valdres Natur- og Kulturpark sitt regnskap for 2019 og årsmelding for 2019.
2. Regionstyret vedtek å legge kr. 2 353,- til bunde fond til Valdres friluftsråd i VNK og kr. 480 002,- til disposisjonsfondet VNK.

VEDTAK:

Vedlegg:

Årsmelding 2019

Reknekap 2019